

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

v/Fylkesmannen i Hordaland

23. juni 2016

SØKNAD OM SAMANSLÅING

Med dette søker kommunane Lindås, Meland og Radøy om å verta slått saman til ein kommune med verknad frå 1. januar 2020.

Den nye kommunen har namnet «Nordhordland kommune» som arbeidstittel.

Denne søknaden er med grunnlag i ein omfattande prosess. Dei tre kommunane har vedteke ein intensjonsavtale som ligg til grunn for samanslåinga av kommunane. Innbygarane har blitt informert gjennom folkemøte, brosjyre og spørjeundersøking. Meland har også gjennomført folkeavrøysting.

Prosesen har enda med likelydande vedtak i dei tre kommunestyra 22. juni. Protokollen frå kommunestyra er lagt ved.

Med vennleg helsing

Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar Lindås kommune

Øyvind H Oddekalv
Ordførar Meland kommune

Jon Askeland
Ordførar Radøy kommune